



Finansreglement for Meland kommune



Vedteke i K-møte 27/10-10, sak 076/10

Finansreglement for Meland kommune.

Kommunal- og regionaldepartementet fastsette 9.juni 2009 ny forskrift om kommunar sin finansforvaltning.

Den nye forskrifta er trått i kraft frå 1.juli 2010 og har avløyst forskrift av 5.mars 2001.

Generelle kommentarer til ny forskrift:

Paragraf 1 - Virkeområde:

Forskrift om finansforvaltning regulerer plassering av ledig likviditet og forvaltning av gjeldsporteføljen i kommunar og kommunale foretak etter kommunelova kapittel 11, samt interkommunalt samarbeid etter kommunelova prgf. 27.

Paragraf 2 – Reglement for finansforvaltninga:

Det er kommunestyret, i samsvar med kommunelova prgf. 52, som skal vedta reglar for kommunen sin finansforvaltning (finansreglement).

Kommunestyret har i samsvar med kommunelovas alminnelege reglar adgang å delegere til eit anna folkevalgt organ (formannskapet) når det gjeld spørsmål om kommunen si finansforvaltning. Kommunestyret kan fastsetje at avgjersler av visse spørsmål som er knytta til finansforvaltninga ikkje skal delegerast. Dette kan eksempelvis vera avgjersle knytta til finansielle avtaler av ein viss størrelse.

Kommunestyret kan gje rådmannen mynde til å treffe vedtak i enkeltsaker eller type saker som ikkje er av prinsipiell betydning.

Kommunestyret skal vedta eit finansreglement med ein klar ansvarfordeling mellom kommunestyret og administrasjonen med klare fullmakter frå kommunestyret som kan bidra til at rådmannen kan forestå den løpande finansforvaltninga på ein effektiv måte på vegne av kommunestyret.

Finansreglementet skal innehalda reglar både for plassering av kommunen sine midlar og forvaltning av låneporteføljen.

Med reglar meiner forskrifta målsetjingar, strategier, rammer og begrensningar for forvaltning av både finansiell aktiva og finansiell passiva.

Kommunestyret skal vedta finansreglement for kommunen minst ein gong i kvar kommunestyreperiode, men det kan vera hensiktsmessig at finansreglementet vert vurdert årleg av kommunestyret med tanke på om det er behov for endringar.

Finansreglementet bør innehalda reglar for korleis finansforvaltninga skal utøvast både i gode og dårlege tider. Finansreglementet bør har ein langsiktig horisont og bør vera robust mot svingningar i finansmarkedet.

Paragraf 3 – Rammer for reglement:

Kommunestyret skal ved fastsetjing av finansreglementet vektleggje hensynet til ein forsvarleg økonomiforvaltning og hensynet til at kommunen kan finansiere løpande betalingsforpliktelser.

Reglementet skal vidare innehalda bestemmelser om at kommunen skal forvalte sine midlar på ein måte der ein kan oppnå tilfredsstillande avkastning, men som hindrer kommunen frå å ta vesentleg finansiell risiko i finansforvaltninga.

Det følgjer av forskriften at kommunestyret ved fastsetjing av reglementet skal ta stilling til forholdet mellom avkastning, finansiell risiko og likviditet. Om den finansielle risiko ein kommune tar på seg i sin finansforvaltning er forsvarleg, må sjåast i samanheng med kommunen si økonomiske evne til å bera risiko.

Dette tilseier at kommunar kan leggja til grunn lav finansiell risiko og meir stabil avkastning for heile forvaltningsporteføljen.

Ved forvaltning av ledig likviditet og andre midlar som er øyremerka driftsformål skal det leggjast vekt på lav finansiell risiko og høg likviditet.

I kommunen skal det til kvar tid vera kunnskap om finansforvaltning som er god nok til at kommunen kan utøve finansforvaltning i samsvar med sitt finansreglement.

Reglementet skal innehalda synspunkt om kommunen si evne til å vurdere finansiell risiko. Med kunnskap om finansforvaltning meiner ein kompetanse til å kunne foreta faglige vurderingar av finansiell risiko og den løpande finansforvaltninga.

Dersom kommunen kjøper forvaltningstenester frå andre, vert det lagt til grunn at forvaltninga skal utøvast i tråd med kommunen sitt finansreglement. Dersom kommunen kjøper forvaltningstenester frå andre, må kommunen likevel kunne vera i stand til å foreta faglege kvalifiserte vurderingar av finansiell risiko og den løpande finansforvaltninga og vera i stand til å kontrollere om forvaltnina vert utøvd i tråd med kommunen sitt finansreglement.

Paragraf 4 – Innhaldet i reglementet:

Bestemmelsen i prgf. 4 seier kva reglementet skal innehalda. Reglementet skal omfatta forvaltning av kommune sine midlar og gjeld, herunder:

- *Ledig likviditet og andre midlar berekna til driftsformål.*
- *Langsiktige finansielle aktiva.*
- *Gjeldsporteføljen og øvrige finansieringsavtaler.*

Tidshorisonten for når midlane skal anvendast har betydning for kva risiko/avkastning det bør leggjast til grunn for forvaltninga. Dette inneber at reglane i kommunelova og finansforskrifta åpner for at langsiktige finansielle aktiva kan forvaltast slik at ein godkjenner noko høgare finansiell risiko og eventuell lavare likviditet for å kunne oppnå forventa høgare avkastning. Bestemmelsen i forskrifta skiller derfor mellom forvaltning av ledig likviditet og andre midlar til driftsformål og forvaltning av langsiktige finansielle aktiva som er adskild frå kommunen sine midlar berekna til driftsformål.

Kommunen må sjølv, ut frå eigen økonomisk situasjon, foreståande forpliktelser og forfalltidspunkt for desse, vurdere nærmere kva som må reknast som *ledig likviditet og andre midlar berekna for driftsformål*.

Som eit utgangspunkt legg departementet til grunn at dette kan vera:

- *Løpande inntekter som skal finansiere løpande utgifter*
- *Andel av midlar på disposisjonsfond eller ubunde investeringsfond.*
- *Unytta øyremerka drifts- og investeringstilskot.*
- *Midlar på sjølvkostfond*

- *Midlar på bundne fond der det er krav om at midlane skal vera disponible til kvar tid.*
- *Unytta lånemidlar.*

Ledig likviditet og andre midlar som er berekna til driftsformål skal forvaltast med lav finansiell risiko og høg likviditet.

Bestemmelsen refererer seg til kommunelova prgf. 52 nr. 3, som seier atkommunen skal ha midlar til å finansiere sine betalingsforpliktelser ved forfall.

Langsiktige finansielle aktiva er midlar som ikkje reknast som ledige likvider og andre midlar som er berekna til driftsformål, og som ut frå kommunen sin økonomiske situasjon kan vurderast som forsvarleg å forvalte med ein lengre tidshorisont og mindre fokus på markedssvingningar. Forvaltning av langsiktige finansielle aktiva skal ikkje vera utslagsgjevande for kommunen si betalingsevne på kort sikt.

Reglementet skal også innehalda reglar for forvaltning av kommunen si *gjeldsportefølje og finansavtaler*.

Forvaltning av finansielle passiva er ein viktig del av kommunen si finansforvaltning med tanke på å oppnå lave lånekostnader og ha oversyn over risiko for renteendringar.

Bestemmelsen i forskriften må tolkast slik at finansreglementet må definere korleis finansiell risiko skal handterast ved å fastsetje korleis plasseringane skal fordelast på ulike aktivaklasser og debitorgrupper, herunder kva finansielle instrumenter som skal vera tillatt, og begrensningar for kor stor del av midlane som kan plasserast i ein enkel aksje eller obligasjon. Plassering i eksempelvis aksjemarkedet bør avgrensast til ein bestemt prosentdel av kommunen sin totale finansiell midlar. Kommunen kan ikkje nytta finansielle instrumenter som ikkje er definert i finansreglementet.

Finansiell risiko er usikkerhet om den framtidige verdien av ein plassering eller forpliktelse i forhold til verdien på plasseringstidspunktet eller tidspunktet for inngåing av avtalar.

Det eksisterer ulike typer av finansiell risiko:

- **Kredittrisiko** Kredittrisiko representerer faren for at motparten i ein kontrakt, for eksempel ein låntakar eller motpart i ein derivatkontrakt, ikkje innfrir sine forpliktelser.
- **Markedsrisiko** Markedsrisiko er rikoen for tap eller auka kostnader som følgje av endringar i markedsprisar (kurssvingningar) i dei verdipapir-marknader som kommunen er eksponert i.
- **Renterisiko** Renterisiko representerer risikoen for at verdien på plasseringar i renteberande verdipapir endrar seg når renta endrar seg. Går renta opp, går verdien av plasseringar i renteberande papir ned og omvendt. Det er også renterisiko knytta til kommunen sine innlån.
- **Likviditetsrisiko** Likviditetsrisiko er faren for at plasseringar ikkje kan vera disponible for kommunen på kort sikt utan det oppstår vesentleg prisfall på plasseringane ved realisering.
- **Valutarisiko** Valutarisiko representerer risikoen for tap på plasseringar og lån pga kurssvingningar i valutamarkedet.

- **Systematisk risiko i aksjemarkedet** Systematisk risiko er forbundet med sannsynligheten for at det aktuelle aksjemarkedet vil stige eller falle – på kort og lang sikt.
- **Usystematisk risiko i aksjemarkedet** Usystematisk risiko er forbundet med risikoen for at verdien av det aktuelle investeringsobjektet (selskapet) som ein investerer i, vil stige eller falle i forhold til verdien på markedet – på kort og lang sikt.

Finansreglementet skal innehalda definasjonar om risikospredning. Aktuelle plasseringar må ha spredning i markedet for begrense den finansielle risiko ein tar på seg. Risikospredning oppnår ein ved at midlane vert fordelt innafor fleire ulike aktivaklasser (aksjar, obligasjonar, sertifikater, bankinnskott).

Finansreglementet skal også innehalda rammer og begrensningar for forvaltning av passiva (gjeldsporteføljen). Dette vil kunne vera korleis ein skal forhalda seg til markedet sine forventningar til framtidig rentenivå, preferanser for val mellom fast og flytande rente og val av tidshorisont for eventuelle rentebindingar.

Når det vert konstatert avvik frå finansreglementet, skal avvik følgjast opp i samsvar med dei retningslinjer som er referert i reglementet.

Paragraf 5 – Kvalitetssikring av reglementet:

Kommunestyret skal sjå til at ein uavhengig instans med kunnskap om finansforvaltning vurderer finansreglementet før det vert gjort vedtak av kommunestyret. Dette gjeld også for seinare revideringar av reglementet.

Uavhengig instans kan vera revisjonen, under forutsetning av at revisjonen har den nødvendige kunnskap om finansforvaltning.

Paragraf 6 – Rapportering til kommunestyret:

Rådmannen skal minst to gonger kvart år leggja fram rapportar for kommunestyret som syner status for kommunen si finansforvaltning. I tillegg skal rådmannen pr. 31.desember utarbeide ein rapport for kommunestyret som syner utvikling gjennom året og status ved årets slutt.

Paragraf 7 – Innhaldet i rapporteringa:

Rapporteringskrava er dei same både for aktiva og passiva og skal innehalda ein beskrivelse og vurdering av følgjande forhold:

Aktiva:

- ✓ Samansetning av aktiva
- ✓ Markedsverdi, samla og fordelt på dei ulike typer aktiva
- ✓ Vesentlege markedsendringar
- ✓ Endringar i risikoeksponering
- ✓ Avvik mellom faktisk forvaltning og krava i finansreglementet
- ✓ Markedsrenter og egne rentebetingelser

Passiva:

- ✓ Samansetning av passiva
- ✓ Løpetid for passiva
- ✓ Vesentlege markedsendringar
- ✓ Endringar i risikoeksponering
- ✓ Avvik mellom faktisk forvaltning og krava i finansreglementet
- ✓ Markedsrenter og egne rentebetingelser

Paragraf 8 – Rutiner for finansforvaltninga:

Det skal etablerast administrative rutiner som tilseier at finansforvaltninga vert utført i samsvar med finansreglementet, gjeldande lover og forskrift om finansforvaltning, samt at det er god kontroll med finansforvaltninga.

Det skal lagast rutiner for vurdering av finansiell risiko og rutiner for å avdekka avvik frå finansreglementet.

Kommunestyret skal sjå til at ein uavhengig instans med kunnskap om finansforvaltning vurderer rutinene.

Paragraf 9 – Ikraftredelse:

Den nye finansforskrifta trer i kraft med verknad frå 1.juli 2010.

Finansforvaltning for Meland kommune:

Finansreglement for Meland kommune er utarbeidd på bakgrunn av KommuneLOVA prgf. 52 og ny forskrift om kommuners og fylkeskommuners finansforvaltning fastsett av KRD 9.juni 2009. Forskrifta er trått i kraft frå 1.juli 2010, ref. side 2-6.

Reglementet for Meland kommune trer i kraft etter kommunestyret har gjort vedtak 27.oktober 2010. Finansreglementet skal revurderast og kommunestyret skal gjera nytt vedtak minst ein gong i kvar kommunestyreperiode.

Reglementet skal fastsetje rammer og retningslinjer for kommunen sin finansforvaltning og opptak av lån/gjeldsforvaltning. Reglementet definerer eit samla oversyn over dei rammer og begrensingar som skal gjelde for Meland kommune, samt fullmakter, instruksjer og rutiner som skal gjelde for finansforvaltninga.

Formål med kommunen si finansforvaltning:

Finansforvaltninga har som overordna formål å sikra at Meland kommune har ei god avkastning, samt stabile og lave finansieringskostnader for kommunen sin aktivitet innafor definerte risikorammer. Reglementet skal baserast på kommunen si eiga kunnskap om finansielle marknader og instrument.

Finansielle instrumenter og/eller produkt som ikkje er referert i dette reglementet, skal ikkje nyttast i kommunen si finansforvaltning.

Delmål:

- Kommunen skal til kvar tid ha likviditet til å finansiere løpande forpliktelsar.
- Plassert overskotslikviditet skal over tid gje ein god og konkurransedyktig avkastning innafor dei definerte krav til likviditet og risiko, også med omsyn til tidsperspektiv for plasseringane.
- Lånte midler skal over tid gje lågast mogeleg total kostnad innafor definerte krav til finansrisiko og renterisiko, også med omsyn til forutsigbarhet i lånekostnader.
- Forvaltning av langsiktig finansielle aktiva skal gje ei god avkastning til akseptabel risiko som over tid bidrar til å gje kommunen sine innbyggjarar eit best mogeleg tenestetilbod.

Delegering / fullmakter:

Delegering i samband med utøving av finansreglementet byggjer på gjeldande delegasjonsreglement for Meland kommune datert 1.juli 1998.

Sitat: *"All delegert mynde må nyttast i samsvar med kommunelov, gjeldande føresetnader og god forvaltningsskikk. Vedtak må ligge innanfor vedtekne budsjetttrammer og dei planar/vedtak som er vedtekne av kommunestyret"*

Kommunestyret delegerer følgjande fullmakter til rådmannen:

- Gjennomføre opptak av nye lån (herav val av långevar) og lånevilkår i samsvar med godkjenning/vedtak av kommunestyret. (Godkjenning av investeringsbudsjett eller nye tiltak i året)
- Rådmannen får fullmakt til å underteikne alle låneavtalar. Fylkesmannen skal godkjenne alle låneopptak dersom Meland kommune er registrert i robek-registeret.
- Godkjenne rentevilkår på nye lån (p.t.rente eller fast rente) i samsvar med dei retningslinjer som er referert i finansreglementet.
- Gjennomføre refinansiering av eksisterande lån i samsvar med dei retningslinjer som er referert i kommunelova om minimumsavdrag.
- Godkjenne leasingavtaler i samsvar med driftsbudsjett. Fylkesmannen skal godkjenne alle leasingavtaler dersom Meland kommune er registrert i robek-registeret.
- Ha ansvar for plassering av kommunen sine likvider i samsvar med gjeldande hovudbankavtale for Meland kommune og vedteke finansreglement.
- Inngå avtale om ekstern bistand i samband med forvaltning av kommunen sine likvider og generell finansiell rådgjeving.

Kvalitetssikring av reglementet:

I samsvar med prgf. 5 i ny forskrift, skal ein uavhengig instans med kunnskap om finansforvaltning vurdere kommunen sitt finansreglement før det vert gjort vedtak av kommunestyret.

Ein uavhengig instans skal også kvalitetssikre kommunen sine rutiner jfr. prgf. 8.

Nordhordland Revisjon IKS har skriftleg gjeve melding om at dei kan ta på seg arbeidet med å kvalitetssikre kommunane sitt finansreglement og rutiner for finansreglementet.

Rådmannen vert delegert ansvar for at ovannemnde vurderinga vert gjennomført. Det skal rapporterast på utført kvalitetssikring av rutinene som del av den årlige rapporteringa.

Etikk:

Meland kommune skal følgja *Statens Pensjonsfond – utland* sine etiske retningslinjer.

Finansiell passiva.

Rammer og begrensningar for finansforvaltninga:

Prgf. 4 i finansforskrifta tilseier at finansreglementet skal angi rammer og begrensningar for gjeldsporteføljen. Dette vil gjelda følgjande forhold:

- Korleis Meland kommune skal forhalde seg til markedet sine forventningar om framtidig rentenivå.

- Korleis Meland kommune skal tilpasse seg eventuelle endringar i rentemarkedet.
- Preferanse mellom fast og flytande rente.
- Val av tidshorisont og eventuelle rentebindingar.

Låneopptak:

- Alle nye låneopptak skal godkjennast av kommunestyret og eventuelt av fylkesmannen dersom kommunen er registrert i robek-registeret.
- Kva prosedyre som skal nyttast ved innhenting av tilbud på lån, vert avgjort av rådmannen ved kvart låneopptak.
- Låneopptak skal gjennomførast i samsvar med finansreglementet og til dei beste vilkår som markedet kan tilby.
- Låneopptak kan berre gjennomførast i norske kroner, og kun frå godkjente offentlege og private bankar.
- Nye investeringslån kan tas opp som enkeltlån til enkeltformål eller samlelån til fleire formål. Låneopptak kan omfatte enkeltformål som løper over fleire budsjettår.
- Eksisterande lån kan konverterast i nye lån.

Lånetypar / finansielle instrumenter:

- Meland kommune kan ta opp gjeldsbrevlån og obligasjonslån.
- Meland kommune skal ta opp lån som serielån i samsvar med kommunelova prgf. 50 nr. 7a. Kommunen kan ta opp anuitetslån dersom fylkesmannen godkjenner dette.
- Lånegjeld skal nedbetalast i samsvar med kommunelova prgf. 50 nr. 7a. Det vil sei at gjenstående løpetid for kommunen si samla gjeldsbyrde ikkje kan overstige den vekta levetida for kommunen sine anleggsmidla ved siste årsskifte. Hvis kommunen er robek-kommune, skal fylkesmannen godkjenne løpetid på alle nye låneopptak.

Retningslinjer for vurdering av rentemarkedet og rammer for rentebetingelser:

- Låneopptak og vurdering av rentevilkår og rentebinding skal gjennomførast med grunnlag i ei risikovurdering, der kravet i kommunelova prgf. 52 nr. 3 om ikkje å ta vesentleg finansiell risiko, skal vera retningsgjevande for kommunen.
- For å sikre at endringar i rentemarkedet ikkje skal få dramatiske konsekvenser for budsjettet og kommuneøkonomien både på kort og lang sikt, er det hensiktsmessig å fordele låneporteføljen mellom p.t.rente og fast rente. Med utgangspunkt og vurdering av forholdet mellom p.t.rente og fast rente skal låneporteføljen til kvar tid vera samansett slik:

<i>P.t.rente</i>	<i>minimum 40% - maksimum 60% av låneporteføljen</i>
<i>Fast rente 1-2 år</i>	<i>Minimum 0% - maksimum 20% av låneporteføljen</i>
<i>Fast rente 3-5 år</i>	<i>minimum 40% - maksimum 60% av låneporteføljen</i>
<i>Fast rente 6-10 år</i>	<i>Minimum 0% - maksimum 20% av låneporteføljen</i>

- Rentebindingsperiode skal avtalast utifrå ei kvalifisert vurdering av framtidig renteutvikling og innafor eit akseptabelt risikonivå.

Rapportering av finansiell passiva:

Rådmannen skal i samsvar med prgf. 6 i finansforskrifta minst to gonger kvart år (pr. 30.juni og pr. 31.desember) leggja fram rapportar for kommunestyret som syner status for kommunen si finansforvaltning. I tillegg skal rådmannen pr. 31.desember utarbeide ein rapport for kommunestyret som syner utvikling gjennom året og status ved årets slutt. Rapporten skal ha følgjande innhald:

1. Samansetning av passiva.
2. Løpetid for passiva
3. Vesentlege markedsendringar
4. Endringar i risikoeksponering
5. Avvik mellom faktisk forvaltning og krava i finansreglementet
6. Markedsrenter og egne rentevilkår

Døme på rapportering av finansiell passiva:

Oversyn låneportefølje pr. 30.juni xxxx:

Lånegjeld pr. 1/1-xx	Opptak nye lån i år	Avdrag hittil i år	Lånegjeld pr. 30/6-xx
335.000.000	15.000.000	5.000.000	345.000.000

Portefølje samanlikna med strategi:

Lånetype	Lånesum pr. d.d.	Andel i %	Status reglement
P.t.rente	185.000.000	54%	Ok
Fast rente	160.000.000	46%	Ok

Portefølje samanlikna med strategi:

Bindingstid	Portefølje	Strategi	Status reglement
P.t.rente	54%	40-60%	Ok
Fast rente 1-2år	0%	0-20%	Ok
Fast rente 3-5 år	42 %	40-60%	Ok
Fast rente 6-10 år	4%	0-20%	Ok

Oversyn låneportefølje pr. 30.juni xxxxx

Lånetype	Løpetid	P.t. markedsrente	Eigne rentevilkår
P.t.rente	Xx år	X,x%	X,x%
Fast rente 1-2år	Xx år	X,x%	X,x%
Fast rente 3-5 år	Xx år	X,x%	X,x%
Fast rente 6-10 år	Xx år	X,x%	X,x%

I tillegg vert kommunen si spesifiserte samla detaljerte lånegjeld vert rapportert pr. 31.desember. Rapporten inneheld spesifikasjon over renter og avdrag, rentesats og avdragstid for kvart lån, samt nye låneopptak i året og er ein note til rekneskapen.

Finansiell aktiva.

Retningslinjer for plassering og forvaltning av kommunen sine likvide midlar:

Med tilvising til kommunelova prgf. 52 nr. 3 skal kommunen til kvar tid ha nok likvide midlar til å finansiere alle betalingsforpliktelser ved forfall.

For Meland kommune er det viktig at likviditetsrisikoen er låg fordi at ein på kort varsel må kunne nytta likvide midlar til drifts- og investeringsformål.

- Plasseringar utanom driftskonti jfr. hovudbankavtale, kan gjennomførast dersom likviditetsprognoser tilseier at det er forsvarleg og at god avkastning kan oppnåast.

- Kommunen skal til kvar tid ha tilgjengeleg driftslikviditet som minst er like stor som forventa likviditetsbehov i dei neste 30 dagar. Likviditet utover dette er overskotslikviditet.
- Driftslikviditet skal vera tilgjengeleg med maksimalt 3 bankdagars varsel.
- Likviditetsprognose skal avdekke investeringshorisont. (Langsiktig eller kortsiktig plassering).

Likvide midlar er i utgangspunktet ein kontantstrøm som oppstår som følgje av tidsforskjell mellom inn- og utbetalingar og at kommunen brukar mindre midlar over tid enn løpande inntekter. Likvide midlar er til kvar tid midlar som kan lesast ut frå kommunen sitt balanserekneskap som sum av bankinnskot og kortsiktige finansielle plasseringar fråtrekt eventuell kassakreditt. Departementet sine merknader til prgf. 4 i forskrifta, er sett opp for å gje eit mål på kor stor del av dei samla likvide midlane som må plasserast som **ledig likviditet** og andre midlar berekna til driftsformål og som dermed skal plasserast med låg risiko og høg likviditet. Dersom kommunen har likvide midlar utover dette, er det høve til å mta større risiko gjennom langsiktig plassering.

Forvaltning av kortsiktig likviditet:

Overskotslikviditet med kortsiktig horisont kan plasserast i følgjande instrument:

- Innskot i bank.
- Pengemarkeds- og obligasjonsfond i norske kroner og som kun investerer i papirer og plasseringar utstedt eller garantert av den norske stat, kommunar, fylker og norske finansinstitusjoner.

Følgjande rammer skal gjelde for forvaltning av kommunen sin kortsiktige finansielle aktiva:

Aktivaklasse	Minimum	Strategisk	Maksimum
Innskot i bank	50%	70%	100%
Pengemarkedsfond	0%	10%	20%
Obligasjonsfond	0%	10%	20%

Forvaltning av langsiktig likviditet:

Overskotslikviditet med langsiktig horisont kan plasserast i følgjande instrument:

- Innskot i bank.
- Pengemarkeds- og obligasjonsfond i norske kroner og som kun investerer i papirer og plasseringar utstedt eller garantert av den norske stat, kommunar, fylker og norske finansinstitusjoner samt bankinnskot.
- Aksjefond
- Eigedom

Følgjande rammer skal gjelde for forvaltning av kommunen sin langsiktige finansielle aktiva:

Aktivaklasse	Minimum	Strategisk	Maksimum
Innskot i bank	0%	0%	70%
Pengemarkedsfond	10%	35%	80%
Obligasjonsfond	10%	30%	50%
Aksjefond	0%	30%	50%
Eigedom	0%	5%	10%

Rapportering av finansiell aktiva:

Rådmannen skal i samsvar med prgf. 6 i finansforskrifta minst to gonger kvart år (pr. 30.juni og pr. 31.desember) leggja fram rapportar for kommunestyret som syner status for kommunen si finansforvaltning. I tillegg skal rådmannen pr. 31.desember utarbeide ein rapport for kommunestyret som syner utvikling gjennom året og status ved årets slutt. Rapporten skal ha følgjande innhald:

1. Samansetning av aktiva.
2. Markedsverdi, samla og fordelt på dei ulike typer aktiva
3. Vesentlege markedsendringar
4. Endringar i risikoeksponering
5. Avvik mellom faktisk forvaltning og krava i finansreglementet
6. Markedsrenter og avkastning

Døme på rapportering av finansiell kortsiktig aktiva:

Aktivaklasse	Markedsverdi 30.juni xxxx	Fordeling	Status reglement
Innskot i bank	Kr. xxxxxxxx	68%	Ok
Pengemarkedsfond	Kr. xxxxxxxx	15%	Ok
Obligasjonsfond	Kr. xxxxxxxx	17%	Ok

Innskot i bank	Markedsverdi 30.juni xxxx	Avkastning hittil i år	Rentevilkår
Navn bank	Kr. xxxxxxxx	Kr. xxxxxxxx	X,x% p.a.
Navn bank	Kr. xxxxxxxx	Kr. xxxxxxxx	X,x% p.a.

Pengemarkeds- fond	Markedsverdi 30.juni xxxx	Urealisert avkastning hittil i år	Rentevilkår
Navn fond	Kr. xxxxxxxx	Kr. xxxxxxxx	X,x2% p.a.
Obligasjonsfond	Markedsverdi 30.juni xxxx	Urealisert avkastning hittil i år	Rentevilkår
Navn fond	Kr. xxxxxxxx	Kr. xxxxxxxx	X,x% p.a.

Døme på rapportering av finansiell langsiktig aktiva:

Aktivaklasse	Markedsverdi 30.juni xxxx	Fordeling	Status reglement
Innskot i bank	Kr. xxxxxxxx	47%	Ok
Pengemarkedsfond	Kr. xxxxxxxx	15%	Ok
Obligasjonsfond	Kr. xxxxxxxx	17%	Ok
Aksjefond	Kr. xxxxxxxx	21%	Ok
Eigedom	Kr. xxxxxxxx	0%	Ok

Innskot i bank	Markedsverdi 30.juni xxxx	Avkastning hittil i år	Rentevilkår
Navn bank	Kr. xxxxxxxx	Kr. xxxxxxxx	X,x% p.a.
Navn bank	Kr. xxxxxxxx	Kr. xxxxxxxx	X,x% p.a.

Pengemarkeds-fond	Markedsverdi 30.juni xxxx	Urealisert avkastning hittil i år	Avkastning målt i % p.a.	Krav til avkastning Referanseindeks
Navn fond	Kr. xxxxxxxx	Kr. xxxxxxxx	X,x2% p.a.	X,x% p.a.
Obligasjonsfond	Markedsverdi 30.juni xxxx	Urealisert avkastning hittil i år	Avkastning målt i % p.a.	Krav til avkastning Referanseindeks
Navn fond	Kr. xxxxxxxx	Kr. xxxxxxxx	X,x% p.a.	X,x% p.a.

Aksjefond	Markedsverdi 30.juni xxxx	Urealisert avkastning hittil i år	Avkastning målt i % p.a.	Krav til avkastning Referanseindeks
Navn fond	Kr. xxxxxxxx	Kr. xxxxxxxx	X,x2% p.a.	X,x% p.a.
Navn fond	Kr. xxxxxxxx	Kr. xxxxxxxx	X,x2% p.a.	X,x% p.a.
Navn fond	Kr. xxxxxxxx	Kr. xxxxxxxx	X,x2% p.a.	X,x% p.a.

Dato: 13.oktober 2010